

Festidalen treng frivillige

14.04.2015



slåttedugnaden samla mange ifjor

**Festidalen er no igang med
å rekruttere frivillige til Festidalen 2015
og har sendt oss denne appelen:**

GODE ELDSJEL!

Festidalen treng frivillige til å stable årets festival på beina.

Det er etter den tida, Tida der boblejakka enkelte dagar kan og må vike for ein lettare variant. Tida der hyhendestraumen på fjesbok-kontoen din er full av ute-i-finveret av glade vene med solbriller på. Tida der du må starte å planleggja sommarferien din. Og kva skal du i år? Jau, du kan jo absolutt byrje med å melde seg som frivillig til Festidalen.

Planlegginga av Festidalen anno 2015 er allereie svært godt igang. Me som sit med frivilligearansvaret er noko seinare ute enn me plar. Det kjem av litt omstrukturering og at vi har fått med 2 nye rekrutantar. Eit par grepdaamer ved nemn Mona Enes og Ragnhild Løland er no klare. Saman med Lars Kvamme og Karina Solheim skal dei ta imot deg, du som melder deg som frivillig til Festidalen. Du som etter er heilt uunnværleg for å få festivalen stable på beina.

Jau, me seier det år etter år men vil vil altså **ikkje** klare det utan deg. Du som trålar jordet som vakt eller scenevakt, du som sveittar og kosar deg i baren eller matboden, du som tar imot blide festivalgjengarar i billettboden.

Dette er arbeidsoppgåvene og og du kan lesa meir om dei på heimesida vår <http://www.festidalen.no/frivillig/>. Der kan du også fylle ut registreringsskjemaet så tar me det vidare derifrå. Har du spørsmål finn du også kontaktinformasjon til samtlige i frivilliggruppa og me skal freiste å svare så fort og så godt me kan.

Nøl altså ikkje, men bli med på dette feite eventyret og sit att med minner som kanskje vil bli dei beste du skapar

denne sommaren,
Juhuu!

Meir [info og registreringsskjema](#) finn de her.